



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/536 - 18/8269

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.03.2018

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 141/77 Kvamme nedre

Tiltak: Bustad med sekundærhusvære og garasje
Byggjestad: Gbnr: 141/77
Tiltakshavar: Geir Ove Øksnes
Audhild Øksnes
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.02.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

Parkeringsareal og avkjørsle

Avkjørsle bør plasserast slik at siktsoner ligg på eigen grunn. Siktsoner for avkjørsle må gå fram av situasjonsplanen.

Areal for parkering kan ikkje plasserast i strid med regulert byggjegrænse. Plassering slik vist i søknaden krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå planen. Kommunen vurderer at det kan vera vanskeleg å gje dispensasjon for dette forhold, då det er knappe arealressursar i området i forhold til å klara å oppretthalda tilstrekkeleg sikt ved etablering av avkjørslar for den enkelte tomt.

Uteopphaldsareal

I følgje punkt 3.1.2 i føresegnene reguleringsplanen skal det vera minimum 200 m² MUA per buening. Vi ber om at det vert vist på situasjonsplanen at kravet er oppfylt.

Kommunen ber om at tilleggskommunikasjon vert sendt inn samla innan **30.03.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Vi gjer merksam på at søknaden ikkje oppfyller vilkåra for 3-vekers sakshandsamingstid då tilkoplingsløyve først vart gitt 06.03.2018.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Audhild Øksnes
Geir Ove Øksnes

Salhusvegen 101 5137
Salhusvegen 101

MJØLKERÅEN

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ